

Tilknytta organisasjonar;



Molde kommune

Molde, 7. okt. 2024

Dette brevet sendes på vegne av Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Birdlife Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, DNT Romsdal, DNT Sunnmøre, Kristiansund og Nordmøre Turistforening, KFUK-KFUM speiderne, Norges Speiderforbund, Romsdal Kystlag, Molde Kajakklubb og 4 H Møre og Romsdal.

## Uttale – Intensjonsavtale Molde kommune og MFK for Retroparken mm

**FNF Møre og Romsdal ber om at saka om disponering av Retroparken ved ein intensjonsavtale mellom Molde kommune og MFK blir stilt i ro. Det er ikkje greitt å gå inn på ein disponering av Retroparken før arealføremålet er avklara ved plan- og bygningslov – det er ikkje greitt i høve til dei ålmenne omsyn og vil vere å villeie MFK i deira avklaring av utbyggingsstad.**

Vi viser til sak; « PS-99/24 - Intensjonsavtale mellom Molde kommune og Molde Fotballklubb/Molde Fotball AS (Molde FK) for leie av areal for bygging av trenings- og garderobeanelegg på Lubbenes, og opprettig av stiftelse for oppgradering og drift av Retiro-eiendommen» som skal leggast fram for formannskapet 8 okt og kommunestyret 24 okt. i år.

Forum for Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal har fleire gonger, sist i vår uttale av 22 jan. i år, saman med mange organisasjonar og enkeltmenneske meint at Retroparken er verdt å ta vare på og ikkje byggje ned. Vi har som mange andre vurdert at Retroskogen er verdifull både ut frå omsynet til natur, friluftsliv og kultur og at kommunen må sikre skogen/parken mot utbygging ein gong for alle med å sikre den som friluftsområde.



Samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonar  
moreogromsdal@fnf-nett.no | Fannestrandsvegen 122, 6419 Molde | tlf 46 43 14 27  
organisasjonsnummer 916 451 954 | www.fnf-nett.no/moreogromsdal



Vi har diverre erfaring med at saksframlegg i saker som rører ved dei grøne verdiane ofte har manglar. Når vi les saksframlegget til denne saka som rører sterkt ved Retroparken så tek vi oss den friheita å meine noko inn i saka slik at politikarane blir opplyst.

1. Vi vart først merksam på denne saka om Retroparken den 2 oktober (i Romsdal budstikke), ei sak som blir lagt fram til politisk avgjerdslag i formannsskapet/kommunestyret respektive 8 og 24 oktober. Med omsyn på vårt lands lovar knytt til fristar i høve til medverknad frå samfunnet er ein slik 6-dagars frist langt under tåleevna i demokratiet vårt. Med omsyn til alle dei som har meint noko inn i prosessen med Retroparken er eit slikt hastverk respektlaust.
2. Vi saknar at kommunen i sitt saksframlegg i denne saka informerer ålmenta/politikarane om korleis ein alternativt til utbyggingsplanane kan sikre Retroskogen som friluftsområde. Vi saknar også at saksframlegget seier noko om alternativ plassering av dei tenkte 4 nye fotballbaner. Vi saknar også at møtereferat frå møta som har vore halde i denne saka blir lagt fram.
3. Alle arealdisponeringar skal avklarast etter naturmangfoldlova. Vi ser ikkje at dette er gjort i denne saka. Det er jo om lag 70 rödlisteobservasjoner i parken deriblant store gamle eiker, som må vurderast i høve til utbyggingsplanane.
4. Slik denne intensjonsavtalen er framstilt, riktig nok ikkje kartfesta men med skildring av eit areal på 55-60 da, kan den vel likestilla med ei utbyggingsavtale. Og eit sentralt punkt i reglane om utbyggingsavtaler, er at kommunen ikkje kan inngå bindande utbyggingsavtale før arealplan er vedteken, jfr pbl. § 17-4 femte ledd. Slik vi forstår dette kan alltid forhandlingar skje parallelt med behandlinga av plan, før plan er vedtatt, men endeleg avtale må avvente planvedtaket. Altså vil ei slik intensjonsavtale ikkje ha juridisk binding for kommunen då den bryt formålet med lova (pbl) som er å unngå ein førehåndsbinding av kommunens planmyndighet, og sikre at planprosessen etter lova er fullført før avtalen formaliserast.
5. Ei utfordring er om intensjonsavtalar etter avtalelova er bindande mellom partane. Slik vi har forstått dette har Högsterett uttalt at det er ein presumsjon\* for at partane i ein intensjonsavtale ikkje er forplikta til å inngå den endelige avtalen (\* *Presumsjon betyr formodning eller antagelse. I juridisk språkbruk er presumsjon en antagelse av noe som er sannsynlig under gitte omstendigheter så lenge det ikke kan føres bevis for det motsatte. Store Norske Leksikon*).
6. Reguleringsplana som var på offentleg høyring i okt. 2023 (sjå <https://www.arealplaner.no/molde1506/arealplaner/968?planStatusId=1%2C2&knr=1506&gnr=28&bnr=57>) stoppa opp etter mottatt varsel om innsigelse både frå fylkeskommunen og statsforvaltaren med grunnlag i store natur-, friluftsliv- og kulturvernverdiar. Intensjonsavtala som no ligg føre har føringar



for å ta mykje meir av Retroparken enn det som var på høyring i okt. 2023, noko som tilseier nye motsegner med minst like stor tyngde.

7. Den delen av Retroparken som er nærmast Fannestrandsvegen er støyutsatt. Er det denne delen av Retroparken som er tenkt i intensjonsavtala å vere den delen av parken som er tenkt spart til ålmenta?
8. Kunstgrasbaner med ifyll er forureinande (og snart historisk?) og krev mellom anna store areal til å samle opp forureiningane. No har jo Molde kommune blant anna erfaringar ved drifta av Træffbana – noko som med fordel kunne vore lagt fram her for å vise kva som krevst av areal for å drifte 4 fotballbaner.
9. Når det gjeld därleg kommunal økonomi som argument for å bygge ned Retroparken verkar dette rart. For knytt til Retroparken har ein jo ikkje nyttiggjort seg moglegheitene som ligg i ekstern finansiering, dette ved; A) Kommunen har brukt om lag 20 mill. eigne midlar til å kjøpe Retroparken – noko kommunen kunne fått økonomisk hjelp av staten (100%?) ved eiga tilskotsordning for juridisk bistand i forhandlingar og grunnkjøp av friluftsområder (sjå <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/friluftsliv/myndigheter/sok-e-om-statlig-sikring-av-friluftslivsomrader/>), B) Hadde ein statleg sikra friluftsområdet kunne ein fått statlege midlar til opparbeiding av arealet (sjå <https://mrfylke.no/tenester/tilskot-prisar-og-stipend/oversikt-over-tilskot-prisar-og-stipend/tilskot-til-tiltak-i-statleg-sikra-friluftslivsomrade.11447.aspx>), C) Nyttiggjere seg dei løvde midlane (kr 150 000) frå fylkeskommunen til Retroparkens venner som dei måtte sende tilbake til fylkeskommunen då kommunen ikkje tillot dei nyttja i parken.

## Helsing

### Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

*Ingbjørn Bredeli*

Fylkeskoordinator  
FNF Møre og Romsdal

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvaltaren, MFK